FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Eyvin Sølsnæs – 57 65 51 51
E-post: es@fmsf.no

Vår dato
3.12.2007
Dykkar dato

Vår referanse
2007/1016 - 443.1
Dykkar referanse

Etter adresseliste

Regulering av fisket etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane 2008-2012 - høyring av forslag til forskrift

Fylkesmannen sender på høyring eit forslag til ny femårig forskrift om fisket etter laks og sjøaure i vassdrag.

Merknader til forslaget kan sendast til Fylkesmannen **innan 20. januar 2008**.

Samandrag
Fylkesmannen har utarbeidd eit forslag til fiskeforskrift for perioden 2008-2012.

Dei viktigaste vurderingane og forslaga til endringar:

- Den ytre fisketidsramma er 1.6 – 31.8, men det kan gjerast unntak.
- I vassdrag med god lokal forvaltning har det vore opna for at reglane skulle utarbeidast lokalt, og at det lokale regelverket skal liggje til grunn for den føreslåtte fisketida.
- Generell hovudfisketid 15.6 - 31.8 er foreslått vidareført for vassdrag som ikkje er nemnd spesielt i forskrifta.
- Det er foreslått å ikkje opne for fiske i Lærdalselva, Jølstra og Ytredalselva (Vadheim) og å ikkje opne for laksefiske i Aurlandselva.
- Det er foreslått å avslutte fisket 31.8 i Daleelva (Høyanger), Vikja, Sogndalselva og Indrehusvassdraget, og dermed ikkje opne utover den ytre fisketidsramma.
- Det er foreslått å korte inn laksesesongen ein halv månad i Nærøydalselva, Flåmselva, Stryneelva, Loelva og Oldenelva ved å avslutte laksefisket 15.8.
- Det er foreslått å korte inn sesongen til to månaders laksefiske i Kvamselva, Osenelva og Gloppenelva.
- Det er foreslått at sjøaurefisket får halde fram med sesong til 15.9 i dei fleste sjøaurevassdraga, og at fisket i Årdalsvassdraget skal avsluttast samtidig med dei andre elvane.
- I nasjonale laksevassdrag skal bestandsoppgangen vurderast midt i fiskesesongen.

Bakgrunn - rammer for reguleringa
Fylkesmannen skal vedta ny forskrift om fisket etter laks og sjøaure i vassdrag for perioden 2008-2012. Forslaget til ny forskrift er utarbeidd etter retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (DN). Vi har også vurdert bestandsstatus og for mange laksevassdrag gytebestandsmål, men også innspel frå lokal forvaltning.

Fiskereglane skal følgje dei vitskaplege råda frå det internasjonale havforskingsrådet ICES og moderne forvaltningsprinsipp, som føre-var-tilnærminga. Desse råda går ut på at laksefisket bør baserast på dei bestandane som fullt ut utnytter produksjonskapasiteten. DN varslar at fisket på mange bestandar må reduserast. I elvane skal det berre opnast for fiske dersom det er eit haustbart overskot. Den ytre fisketidsramma er 1.6 - 31.8. Det kan unntaksvis fastsetjast

seinare sluttdato dersom bestanden tåler det, men fisket må avsluttast før fisken endrar åtferd i forkant av gytinga. Dersom det ikkje ligg føre fangststatistikk i vassdrag med sjølvreproduserande bestandar skal det ikkje opnast for fiske.

For å kunne evaluere fisket er det no utarbeidd gytebestandsmål og sårbarheitsindikatorar for villaks i høve til påverknad frå rømt oppdrettsfisk. Gytebestandsmålet, påverknaden av rømt fisk og innsiget av villaks dei kommande åra vil bestemme kor mykje laks som kan haustast.

Høge innslag av rømt fisk kan gjere det nødvendig å styrke laksebestandane ut over det gytebestandsmålet skulle tilseie. Fiskereguleringa skal bidra til å redusere innslaget av rømt oppdrettsfisk i gytebestanden. I situasjonar med jamleg 5 % eller meir oppdrettslaks i gytebestanden skal det settas i verk tiltak som bidrar til at innslaget av rømt oppdrettsfisk blir redusert. I situasjonar med jamleg 20 % eller meir rømt oppdrettsfisk må det settast i verk strenge tiltak. Aktuelle reguleringstiltak kan vere å forskyve starten på fiskesesongen for å skjerme villfisk eller strenge kvoter for uttak av vill fisk. Behovet for fiskereguleringstiltak må sjåast i samanheng med andre tiltak som blir innført for å redusere innslaget rømt oppdrettsfisk i gytebestanden.

Reguleringa av fisket i nasjonale laksevassdrag skal følgje dei same prinsippa som for andre vassdrag, men bestandsoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen for å kunne sette inn ekstraordinære tiltak dersom det er fare for at gytebestandsmålet ikkje vil bli nådd.

I vassdrag med tilfredsstillende lokal organisering skal forslag til fiskeregler utarbeidast lokalt, dersom det er vilje til dette. Lokale lag blei inviterte til dette i brevet av 4.10 i år, og det blei også orientert om dette på møtet med elveeigarlaga på Skei 22.10 i år. Fylkesmannen skal vurdere om reglane også skal takast inn i forskrifta. Dei samla fiskereglene for vassdraget skal sikre eit forsvarlig fisketrykk, og tillate fisketid skal sjåast i samanheng med eventuell bruk av andre verkemiddel. Det må understrekast at andre verkemiddel enn sesonglengde må kunne forventast å ha ein klar effekt på fiskeuttaket dersom dei skal ha betyding i reguleringssamanheng. Arbeidet med den nye fiskeperioden i sjø og vassdrag i fylket har også vore diskutert i samarbeidsrådet for laks og sjøaure Samarbeidsrådet består av representantar for elveeigarane, sjølaksefiskarane, sportsfiskarane (NJFF) og kommunane i Sogn og Fjordane.

Bestandssituasjonen for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er det ein truga laksebestand (Lærdalselva), tre sårbare (Mørkriselva, Ytredalselva og Daleelva i Høyanger) og fem reduserte bestandar (Flekkeelva, Jølstra, Aurlandselva, Vikja og Årøyelva). Eit av dei sårbare og alle dei reduserte blir styrka gjennom tiltak, så fleire av dei toler noko fiske. I tillegg til Lærdalselva ventar vi at 3-4 andre bestandar ikkje vil produsere overskot i kommande periode, men truleg ligge godt under gytebestandsmåla. Ut over dette har bestandssituasjonen for laks i Sogn og Fjordane generelt vore god i den føregåande femårsperioden, inntil det no er registrert svært dårleg sjøoverleving og vekst for smoltårsklassen som vandra ut i 2006. Forholda i havet har endra seg dramatisk, frå å vere svært gode i 2004 (svært god overleving) via under middels i 2005 til svært dårlege i 2006. Når forholda skifter så brått, vil det vere ekstra utfordrande å fastsette femårige forskrifter.

Bestandsutviklinga for sjøaure har endra seg frå middels til dårleg i perioden, og dette ser ut til å gjelde på heile Vestlandet. Spesielt er fangstane reduserte dei siste 2-3 åra i elvane i Indre Sogn.

Lakselus har i varierande grad bidrege til å redusere sjøoverlevinga for utvandrande laksesmolt, men dette er ikkje undersøkt etter 2004. Smittepresset på sjøaure har variert noko,

men har generelt vore høgt i heile perioden. Frå lakselusundersøkingane på sjøaure er det grunn til å tru at smittepresset på utvandrande laksesmolt har auka dei siste to åra.

Innslaget av rømt fisk i elvefangsten hadde ein topp i 2002 på over 20 %, men har blitt gradvis redusert etter det til under 10 %, for så å auke igjen i 2006. Den prosentvise delen rømt oppdrettsfisk i gytebestandane er ikkje like godt kartlagt, men innslaget er høgare enn i sportsfisket som følgje av at oppgangen av rømt fisk held fram etter fiskesesongen. Av 51 prøveuttak om hausten med meir enn 25 fisk hadde 34 prøver innslag av minst 20 % oppdrettsfisk i perioden 1989-2006. Det relative innslaget av rømt laks er i stor grad avhengig av talet villaks i den enkelte bestanden. Dermed er små bestandar med få gytelaks meir sårbare for innblanding enn store bestandar med mange gytelaks.

Lokale innspel
Lokale lag har vore inviterte til å medverke i arbeidet med forslaget til ny forskrift. Vi har motteke lokale forslag som gjeld fisket i Nærøydalselva, Årøyelva, Gaula, Jølstra, Nausta, Gloppenelva, Stryneelva, Oldenelva, Loelva og Eidselva.

Nærøydalen elveeigarlag: Fisketida blei diskutert på eit medlemsmøte, og det var ulikt syn mellom fiskerettshavarane i nedre og øvre del av elva. I den nedre delen ønskjer dei å framskunde sesongen ein halv månad, medan dei i den øvre delen ønskjer fisketid som i førre periode. Det blei ikkje stemt over dei to forslaga, og laget viser til reglane i førre periode.

Årøy gard: Det vil bli fiska med om lag same innsats som dei siste 40-50 åra, og lokalt blir dette vurdert som eit konservativt fiske. I år blei fisket avgrensa frå slutten av juli og heile august, i samsvar med oppmodinga om å avgrense uttaket fordi innsiget av smålaks og dels mellomlaks svikta. Dette viser også at avgrensande tiltak blir effektive for heile elva frå same dag som meldinga kjem og/eller vedtaket blir gjort. Årøy gard vurderer beskatningsraten til maksimalt å ha vore 25% i 2007, og i gjennomsnitt under 35% i føregåande periode. Kanalen ved kraftverket fungerer som ei fredingssone for gytelaks. Konklusjonen er at det ikkje er behov for å redusere sesonglengda eller beskatningsraten, men uttaket av holaks vil likevel bli avgrensa. Dersom situasjonen skulle krevje det, vil andre tiltak bli vurdert i samråd med forvaltinga.

Gaula elveeigarlag: Reguleringa av fisket er behandla på eit ekstraordinært årsmøte. Ytre rammer for sesongen er 1.6 - 15.9. Sesongen bør vere så lang som til 15.9 grunna sein oppgang i øvre del av elva, samstundes som denne delen av elva produserer mykje av smolten. Maksimalt årleg uttak av laks frå elva skal fastsetjast etter gytemål for elva. Uttaket skal fastsetjast av Gaula Elveeigarlag etter råd frå NINA. ”Baglimit” vert sett til to fisk per person per døgn. Laget legg opp til at oppgang i elva blir vurdert kontinuerleg, og uttaket blir vurdert kontinuerleg i samråd med NINA.

Jølstra - Hafstad elveeigarlag: Medlemmane har fiskerettane sine i nedre del av Jølstra og ønskjer å fiske laks 1.6 – 31.8. I førre periode har fisket opna 1.7, og då har dei fleste laksane vandra forbi. Tidlegare fiskestart skal ikkje auke uttaket på grunn av det restriktive kvoterordninga, som laget ønskjer å oppretthalde.

Nausta elveeigarlag: Laget har sendt eit diskusjonsforslag til fiskereglar for kommande periode. Nausta har vore ei stabil elv med gode fangstar og ein stor gytebestand. Jamleg overvaking har synt at ein ligg tett opp under driftsplanen sitt mål med 4 egg/m^2. Laget har dei siste åra likevel konstatert ein viss nedgang både i oppvandrande fisk og redusert gyting. Gjennom stiftinga ”Ei framtid for villaksen i Nausta” har laget eit tett fagleg samarbeid med NINA. Etter gjennomgang av talmateriale og prognosar og etter tilråding frå NINA, blei det vedteke på årsmøtet å endre fiskereglane for å redusere uttaket. Dei nye reglane galdt for

2007, og erfaringane har vore positive. Laget ønskjer å vidareføre desse reglane i den nye forvaltningsperioden: Fisketid 1.6 – 31.8. For Naustdalsfossen og Hovefossen blir det sett ein samlekvote/arealkvote pr. døgn på høvesvis 12 og 10 fiskar. Elles i elva vert det ein personleg døgnkvote på 2 fiskar. Laget har organisert eit fast oppsyn i fiskesesongen, og innfører vekerapportering på nokre vald.

Gloppen elveeigarlag og Indre Gloppen elveeigarlag: Laga foreslår at det blir opna for fiske i heile Gloppenelva 1.6 – 15.9, at det ikkje skal vere døgnkvoter og at det berre skal fiskast med sluk og fluge frå sjøen til Eidsfossen, og sluk, fluge og mark frå Eidsfossen til Breimsvatnet.

Stryn elveeigarlag, Olden elveeigarlag og Loen elveeigarlag: Laga foreslår å halde fram med 1.7 som opningsdag i Stryneelva, Oldenelva og Loelva, men dersom den positive utviklinga i førre periode held fram kan det vere aktuelt å søkje om tidlegare opning. Laksesesongen har i lang tid slutta 31.8, men laga er opne for å diskutere sluttdatoen. Fiskesesongen for sjøaure bør halde fram. Andre tiltak som reiskapsinnskrenkingar, kvoter og gjenutsetting vil bli diskutert lokalt.

Olden elveeigarlag har i eigen merknad frå styret understreka at dei står inne for det felles forslaget, men ønskjer å flytte startdatoen i Oldenelva til 15.6 så snart det er forsvarleg for bestanden.

Loen elveeigarlag har i eigen merknad frå styret understreka at dei står inne for det felles forslaget. Laget har i perioden frivillig avslutta laksefisket 25.8, men kan akseptere å avslutte 20.8 eller 15.8. Laget ønskjer vidaført dei spesielle reglane for innlandsfisket øvst i Loelva. Laget vurderer i tillegg å stenge den hølen der det blir fiska mest laks for fiske etter at laksefisket er stoppa.

Eid elveeigarlag og Eid sportsfiskarlag: Laget har evaluert sesongen 2007, som totalt sett har vore positiv. Estimert rognmengde i år er 3,6 egg/m^2, som inneber ei overdekning på 79 % samanlikna med gytebestandsmålet på 2 egg/m^2 (kjelde: Rådgivende Biologer AS). Laga har årleg overvaka innslaget rømt fisk i gytebestanden og har gjennomført ekstraordinær oppfisking nedst i elva. Laget meiner gytebestanden har vore god i heile førre periode. Tilbakekomsten er likevel uviss og styrt av tilhøva i havet, så laget forventar eit redusert innslag av holaks neste år. Det blei observert eit innsig av smålaks etter sesongen, og dette blei også påvist i prøvefisket etter rømt fisk. Laga vurderer bestanden til å vere så berekraftig at fisketrykket i førre periode kan oppretthaldast. Dersom det viser seg å vere feil, vil laga sette i verk tiltak for å redusere opptaket (reiskapsavgrensing, låge døgnkvoter eller sesonglengde). Laga vil overvake fiskeoppgangen og fangsten og fortløpande vurdere situasjonen gjennom sesongen. Det blir jobba for at den lokale forvaltninga skal kunne handtere desse oppgåvene betre, og laga har oppretta fagråd og søkjer råd hos fagleg ekspertise.

Forslag til fiskereglar for 2008-2012

§ 1 *Fiskesesong (hovudregel)*

Generell opning: Den generelle fisketida for alle vassdraga som ikkje blir omtalt spesielt i forskrifta eller i gjennomgangen nedanfor, blir foreslått til 15.6 - 31.8, altså ingen endring i høve til den førre perioden. Dette er hovudsakleg sjøaurevassdrag, men dei kan også produsere noko laks eller ha sporadisk oppgang av laks. Fordi vi har lite kunnskap om status i mange av desse bestandane, må fisketida vere kortare enn den ytre ramma på tre månader.

§ 2 *Fiskesesong (særreglar)*

Daleelva i Høyanger: Gytebestandsmålet er truleg nådd dei fleste åra. Vi foreslår likevel å avgrense fisketidtida til den ytre fisketidsramma 1.6 – 31.8. Det bør setjast i verk tiltak for å redusere innslaget rømt fisk.

Ytredalselva (Vadheim): Laksebestanden er sårbar og sjøaurebestanden redusert. Dette er eit vassdrag som har ein laksebestand, men der det ikkje føreligg fangststatistikk eller anna kunnskap som tilseier at det vil vere forsvarleg å opne for fiske. Før det kan opnast for fiske att må det etablerast ei lokal forvaltning som tar ansvar for å rapportere inn fangstane.

Ortnevikselva, Fortunselva, Mørkriselva, Jostedøla, Vetlefjordelva, Storelva (Fjærland) og Rivedalselva: Dette er sjøaurevassdrag, som alle er inne i ein dårleg periode. Vi foreslår å oppretthalde gjeldande reglar, men det kan bli aktuelt å vurdere dette på nytt i perioden dersom den negative utviklinga held fram. Laksebestanden i Mørkriselva er framleis for liten til at det kan opnast for laksefiske.

Vikja: Gytebestanden er godt over gytebestandsmålet for elva, men det er også behov for rogn til kultiveringsprosjektet ovanfor vandringshinder. Vi ser ikkje tungvegande grunnar til å halde fram med fiske utover den generelle ramma, så vi foreslår å avslutte sesongen til 31.8. Vikja er eit nasjonalt laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Nærøydalselva: Gytebestandsmålet er vurdert både ut i frå fangst og ut i frå data frå gyteteljingane. Begge delar indikerer at mengde holaks enkelte år kan liggje under gytebestandsmålet. Fangstratane bør reduserast for å vere på den sikre sida. Vi foreslår å avslutte laksefisket 15.8. Dersom elveeigarlaget kan dokumentere låge fangstratar, og gyteteljinga viser at gytebestanden stabiliserer seg over gytebestandsmålet, kan det bli aktuelt å utvide fisketida i perioden. Sjøaurefisket bør kunne halde fram som i dag. Nærøydalselva er eit nasjonalt laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Flåmselva: Fangstuttaket har vore lite i førre periode, men det er også nødvendig får å sikre gytebestandsmålet for laks. Vi føreslår å avslutte laksefisket ein halv månad tidlegare enn i førre periode, men at sjøaurefisket kan halde fram som til no. Flåmselva er eit nasjonalt laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Aurlandselva: Innsiget av laks har vore så dårleg at gytebestanden truleg er under gytebestandsmålet dei fleste åra. Vi foreslår å ikkje opne for laksefiske. Sjøaurebestanden er redusert, men gytebestanden framleis innanfor gytebestandsmålet. Vi har forstått at elveeigarlaget sjølv vil vurdere tiltak for å redusere uttaket av sjøaure.

Lærdalselva: Laksebestanden er redusert, og det er ikkje grunnlag for å opne for laksefiske. Som følgje av dårlege tilhøve i Sognefjorden er haustingsoverskotet av sjøaure også redusert, og vil etter vår vurdering ikkje forsvare å opne for eit retta fiske mot sjøaure.

Årdalsvassdraget: Den generelt dårlege tilstanden for sjøaurebestandane i Sognefjorden gjer at grunnlaget for å halde fram sesongen til 30.9 øvst i elva ikkje er så godt som tidlegare. Vi foreslår å avslutte sesongen 15.9, som er etablert som sluttdato for sjøaurevassdrag i Sogn.

Årøyelva: Gytebestanden har truleg vore godt over gytebestandsmålet, og fisketidsramma frå førre periode kan vidareførast. Det er etablert rutinar for å vurdere oppgangen og eventuelt sette i verk tiltak. Årøyelva er nasjonal lakseelv, og denne vurderinga skal gjerast midt i sesongen.

Sogndalselva: Gytebestanden av laks er truleg over gytebestandsmålet dei fleste åra, føresett at uttaket ikkje er over 50 %. Fangststatistikken er einaste indikator på bestandsutviklinga, og det er usikkert kor stor fangstraten er. Vi ser ikkje tungvegande grunnar til å halde fram med fiske utover den ytre ramma, så vi foreslår å avslutte sesongen til 31.8. Dette gjeld også sjøaurefisket.

Storelva (Dale), Hopselva, Ryggelva og Hjalma: Det er ikkje utarbeidd gytebestandsmål for desse laksebestandane. Bestandssituasjonen for laks ser ut til å vere stabil, men sjøaurebestandane er reduserte. Vi foreslår å oppretthalde fisketida for desse elvane.

Flekkeelva: Gytebestanden av laks har truleg vore over gytebestandsmålet heile førre periode, og bestanden vil truleg tole at gjeldande reglar blir vidareførte. Dette er likevel usikkert sidan vi ikkje kjenner beskatningsratene. Vassdraget blir fullkalka for å styrke laksebestanden, og dette kostar samfunnet store ressursar. Dette stiller spesielt store krav til alle nivå i forvaltninga av laksen i vassdraget. Eit lokalt fiskeoppsyn er ei av dei viktigaste oppgåvene i driftsplanen som gjeld laksefisket, men dette er enno ikkje på plass. Som føresetnad for å opne for fiske i heile den ytre ramma krev vi at det blir lagt fram ein plan for ei lokal fiskeoppsynsordning.

Gaula: Gytebestandsmålet er nådd eller så vidt under for 2005-2007. NINA har foreslått kvoter som baserer seg på ein beskatningsrate på 35 % av prognose for innsiget. Dette vil innebere ein vesentleg reduksjon i beskatninga, samanlikna med 47-62 % for sesongane 2005-2007. Vi tar den lokale planen til etterretning og foreslår å oppretthalde fisketidsramma 1.6-15.9. Gaula er eit nasjonalt laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Kvamselva: Gytebestandsberekninga viser at gytebestanden truleg er under gytebestandsmålet. Fangstrapporteringa blei gjenoppretta i 2005, så vurderingsgrunnlaget er ikkje det beste. Samanlikna med vassdrag i fjordsystemet er det ikkje grunn til å tru at bestandssituasjonen i Kvamselva skulle vere mykje dårlegare. Fordi dette er usikkert, foreslår vi å redusere sesongen til to månader, til 15.6 – 15.8.

Jølstra: Fisket har vore avgrensa i tid og med lokale fangstkvotar i førre periode. Alle åra i perioden har truleg gytebestanden vore godt under gytebestandsmålet. Dei første to sesongane av kommande periode blir også prega av at 2006-årsklassen har overlevd dårleg i havet, så det er ikkje grunn til å forvente at innsiget vil auke i første del av perioden. Vi foreslår derfor å ikkje opne for laksefiske i Jølstra. Sjøaurebestanden er også redusert, og vi foreslår heller ikkje å opne for eit retta fiske mot sjøaure. Vi er open for å vurdere dette på nytt når vi får ny bestandskunnskap frå granskingane som pågår og eventuelt lokale innspel. Da vil vi også sjå nærare på innspelet frå Hafstad elveeigarlag, som ønskjer tidlegare sesongopning enn i førre periode.

Nausta: Med beskatningsratar på godt over 50 % har gytebestanden i førre periode fleire gonger vore under gytebestandsmålet. Før 2007-sesongen blei det sett strengare lokale fangstkvotar for å få ned beskatninga, og elveeigarlaget ønskjer å vidareføre dette regelverket. Effekten av innstramminga blir evaluert av NINA, men resultata er ikkje klare enno. Vi foreslår å vidareføre gjeldande fisketidsramme, men føreset da at Naustdal elveeigarlag følgjer opp med ytterlegare tiltak dersom det er nødvendig. Vi legg vekt på at elveeigarlaget er godt i gang med å tilpasse fisket til gytebestandsmålet, og at overvakinga av oppgangen og effektane av fisket er svært god. Nausta er eit nasjonalt laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Osenvassdraget (Osenelva og Svardalselva): Gytebestanden av laks er under gytebetsandsmålet dei fleste åra om vi legg til grunn ein beskatningsrate på 50 % eller den

lokale vurderinga til 40 %. Bestanden har framstått som robust i heile førre periode. Beskatninga av laks bør likevel reduserast gjennom lokale tiltak dersom fisketidsramma skal vidareførast. Vi foreslår å redusere laksesesongen til to månader, men vil kunne vurdere eit lokalt forslag til korleis fangsten skal reduserast. Det bør også etablerast eit lokalt evalueringsopplegg, slik at fangstratane kan bereknast. Etableringa av fisketeljaren i Gygrefossen vil truleg bidra til dette. Sjøaurebestanden er også redusert og følgjer trenden på Vestlandet, men sjøauren bør kunne ivaretakast gjennom eit lokalt regelverk.

Indrehusvassvassdraget: Sjøaurestamma er redusert og følgjer trenden på Vestlandet. Det skal også vere noko laks i vassdraget, sjølv om produksjonen ikkje kvalifiserer til ein eigen bestand. Vi finn ikkje godt grunnlag for å ha lenger fisketid enn den generelle opninga på 2,5 månader som gjeld dei fleste andre sjøaurevassdraga med noko laks. Vi foreslår at vassdraget skal følgje den generelle fisketida 15.6 - 31.8, men vi kan vurdere å forskyve sesongen ein halv månad om lokalplanet ønskjer det.

Åelva/Ommedalselva: Gytebestanden for laks har vore over gytebestandsmålet alle åra vi har data for, føresett at beskatningsraten ikkje er over 50 %. Vi foreslår å oppretthalde fisketida.

Gloppenelva: Beskatninga har vore på over 50 %, og gytebestandsmålet er ikkje nådd alle år. Laksebestanden har likevel vore stabil i førre periode, og rekrutteringa ser ut til å vere god. Dei to elveeigarlaga ber om relativt frie rammer, også utover den ytre fisketidsramme. Etter vår vurdering bør beskatninga reduserast for å sikre nok gytelaks. Vi foreslår å redusere sesongen til to månader, 15.6 – 15.8. Dersom det skal opnast for laksefiske innafor den ytre ramma 1.6 – 31.8, vil det føresette at det blir vedtatt lokale reglar som kan bidra til at gytemålet likevel blir nådd dei fleste åra. Lokale tiltak må kunne forventast å ha ein klar effekt på fiskeuttaket dersom dei skal ha betyding i reguleringssamanheng. Vi foreslår å oppretthalde reglane for sjøaurefisket.

Oldenelva, Loelva og Stryneelva: Gytebestandane av laks har truleg vore over gytemålet dei siste par åra. Fisketida var redusert i førre periode, og dette har truleg redusert beskatninga. Beskatninga bør truleg ikkje overstige 30-40 % om gytebestandsmåla skal nås. Fordi det er usikkert kor høge fangstratane er, bør fangstuttaket reduserast ytterlegare i kommande periode. Elveeigarane har allereie akseptert at fisket framleis skal opne 1.7. Vi foreslår å korte inn på slutten av sesongen ved å avslutte fisket 15.8. Dette har ikkje så store konsekvensar fordi det uansett føregår eit attraktivt sjøaurefiske i august. Vi er opne for å sjå på fisketida i perioden dersom laksebestandane utviklar seg positivt. Vi foreslår å oppretthalde reglane for sjøaurefisket, sjølv om bestandane er reduserte og følgjer trenden på Vestlandet. Oldenelva og Stryneelva er nasjonale laksevassdrag, så vi minner om at lakseoppgangen skal vurderast midt i fiskesesongen.

Eidselva: Gytebestanden av laks har truleg vore over gytemålet i heile førre periode. Vi foreslår å oppretthalde den ytre fisketidsramma 1.6 – 31.8 for fisket. Eidselva er nasjonalt laksevassdrag. Det er planlagt lokalt å vurdere lakseoppgangen fortløpande gjennom sesongen, for å kunne sette inn tiltak.

Ervikelva: Gytebestanden av laks har truleg vore over gytemålet i heile førre periode. Vi foreslår å oppretthalde fisketida 15.6 – 31.8.

§ 3 *Fangstkvotar*

I den førre forskrifta var det fastsett fangstkvotar for laksefisket i Aurlandselva, Gaula, Nausta og Gloppenelva. I Aurlandselva er det foreslått å ikkje opne for fiske. For Gaula og Nausta er det vedtatt kvotar som ein del av eit lokalt regelverk. Dei lokale laga ønskjer ikkje å regulere

fisket med fangstkvotar i Gloppenelva. Vi foreslår dermed å fase fangstkvotereglane ut av forskrifta.

§§ 4 – 8

Vi foreslår ingen endringar.

Bakgrunnsinformasjon
Relaterte dokument til saka kan hentast på heimesida vår www.fmsf.no > Miljøvernavdelinga > Fiskeforvaltning. Det meste av dette er allereie sendt til dei fleste lokale laga på e-post. Ytterlegare informasjon om vurderingsgrunnlaget for enkeltvassdrag kan også formidlast på førespurnad.

Relaterte dokument:

- Direktoratet for naturforvalting: Retningsliner for regulering av laksefisket
- Bestandssituasjonen for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane (Notat)
- NINA-rapport: Gytebestandsmål for ville laksebestander i Norge
- Referat frå møte i samarbeidsrådet for laks og sjøaure i S&F 22.10.2007
- Generell informasjon om forskriftsperioden 2008-2012
- Forskrift om fisket etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane 2003-2007

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Sølsnæs
senioringeniør/fiskeforvaltar

Vedlegg: Forslag til forskrift om fiske etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane 2008-2012

Adresseliste:

Namn	Kontaktperson	Adresse	Postnr.stad
Alsmo sameige	v/Norvald Teigen		6868 Gaupne
Arbeidsgrr. for kultivering Ryggelva	v/Håkon Sandvik	Rygg	6823 Sandane
Askvoll og Holmedal JFF	v/Atle Frøholm		6980 Askvoll
Aurland Elveeigarlag	v/Bjørn Vike	Orreveien 11	5101 Eidsvågneset
Aurland JFL	v/Geir Ove Bøthun		5745 Aurland
Balestrand JFL	v/Kjell Ove Baug		6899 Balestrand
Bergen Sportsfiskere		Damsgårdsveien 106	5058 Bergen
Bortnen elveeigarlag	v/Edvard Hartvigsen	Geilevegen 27A	6783 Stryn
Bryggja JFL	v/Magne Husevåg	Maurstad	6711 Bryggja
Direktoratet for naturforvaltning	Tungasletta 2		7485 Trondheim
Eid Elveeigarlag	v/Knut Tore Nes Hjelle		6770 Nordfjordeid
Eid JFL	v/Audun Åsebø	Fossebakken	6770 Nordfjordeid
Eid sportsfiskelag	v/Ådne Sølvberg	Hennebygda	6770 Nordfjordeid
Bente Iren Foss / Arild Aase		Fosshaugen 10	6856 Sogndal
Ervik Jakt og Fiskelag	v/Reidulf Vik		6750 Stadtlandet
Fiskeretten ved Evebøfossen	c/o Hans Eikenæs	Boks 70	6821 Sandane
Fjaler JSFL	v/Vidar Jensen	Sentrum	6963 Dale i Sfj.
Flekke og Guddal Grunneigarlag	v/Hallvard Haaland		6968 Flekke
Flora JFF	v/Otto Åge Bergstrøm	Ragnarrud 20	6900 Florø
Flåm Elveeigarlag	v/Anders Fretheim		5743 Flåm
Fortun Elveeigarlag	v/Kjell Arvid Nyhus		6876 Skjolden
Fortun Grunneigarlag	v/Jakob Øygard		6877 Fortun
Framfjord grunneigarlag	v/Ledvin Dale		6893 Vik i Sogn
Frode Helgesen			6893 Vik i Sogn
Førde Elveeigarlag	v/Arne Høisæther	Viegjerdet	6800 Førde
Førde grunneigarlag (Ålfoten)	v/Martin Førde		6737 Ålfoten
Førde JFL	v/Olav Johan Årskaug	Angedale	6800 Førde
Gaula Elveeigarlag	v/Ole Rune Døskeland	Løvfallsfeltet	6973 Sande i Sfj.
Gaular JFL	v/Bjørnar Burdahl		6973 Sande i Sfj.
Gaupne grunneigarlag	v/Hans Edin Prestegård		6868 Gaupne
Gloppen Elveeigarlag	v/Leidulf Djupegodt	Evebøvegen 10	6823 Sandane
Gloppen hotell v/ Dag Moen			6823 Sandane
Gloppen JFL	v/Dag Einar Gule	Nordåsen 58	6823 Sandane
Gulen JSFL	v/Geir Haveland		5966 Eivindvik
Grunneigar til Straumselva (Hopevassdraget)	v/Torleiv Straume		6829 Hyen
Hafstad elveeigarlag	v/Magne Hafstad		6800 Førde
Haugen og Dalen Grunneigarlag	v/Gunnar Lillestøl	Hjelmelandsdalen	6770 Nordfjordeid
Hope Grunneigarlag	v/Ottar N. Hope		6829 Hyen
Hordaland JFF		Tverrgt.4/6	5017 Bergen
Hornindal grunneigarlag	v/Ola Roar Fannemel		6973 Hornindal
Hyen JFF	v/Torgeir Vatndal Eimhjellen	Rognkleiva	6829 Hyen
Hyllestad JFL	v/Ole Morten Fureli		6953 Leirvik
Høyanger JFL	v/Oddvar Ølmheim	Olav Sandesgt. 10	6993 Høyanger
Indre Gloppen elveeigarlag	v/Bjørn Søreide		6823 Sandane
Indrehus grunneigarlag	v/Olav Myrhol		6723 Svelgen
Ivar J. Søreide		Søreide	6823 Sandane
Jonstad og Furehaug utmarkslag	v/Erik Horstad		6817 Naustdal
Jostedal grunneigarlag	v/Laila Gjerde		6871 Jostedal
Kjøs og Markane	v/Anne Karin Lungård Hove		6763 Hornindal
Kommunane i Sogn og Fjordane			Etter liste
Kvamselva elveeigarlag	v/Reidar Aase		6977 Bygstad
Leikanger JFL	v/Svein Inge Lundheim	Lundevegen 14	6863 Leikanger
Loen Elveeigarlag	v/Asle Loen		6789 Loen
Luster JFL	v/Per Gunnestad	Pb. 10	6866 Gaupne
Lærdal Elveigarlag	v/Magne Eri		6887 Lærdal
Lærdal JFL	v/Johannes Stundal	Hanseskogen 35	6887 Lærdal
Morkadalen grunneigarlag	v/Helge Dalsbø		6750 Stadtlandet
Myklebust grunneigarlag	v/Olav Myklebust		6737 Ålfoten
Mørkridsdalen Elveeigarlag	v/Per Hauge		6876 Skjolden

Naustdal Elveeigarlag	v/Kjetil Ullaland		6817 Naustdal
Naustdal JFF	v/Torfinn Grøttebø	Helgåsvn. 106	6817 Naustdal
Nedre Bøfjordvassdragets grunneigarlag	v/ Ove Wolff	pb. 6	6951 Leirvik i Sogn
Nedrefloen grunneigarlag	v/Arne P. Sunde		6783 Stryn
Nemnda for fisket i Jølstra	v/Torbjørn Berqvam		6800 Førde
Nesbygda grunneigarlag	v/Ketil Nord		6770 Nordfjordeid
Norddalselva elveeigarlag	v/Arild Nordal	Norddalsfjord	6900 Florø
Norddalsfjord elvelag	v/Eivind Hutchings	Professor Gjelsvik vei 4c	6900 Florø
Norddalsfjord grunneigarlag	v/Gunnbjørn Midtbø	Norddalsfjord	6900 Florø
Nordsida grunneigarlag	v/Martin Lindvik		6770 Nordfjordeid
Norges grunneigar- og sjølaksefiskarlag S &F	v/Jan Lingaard		6919 Tansøy
Norsk Villaksbevaring AS		Uranienborg terasse 8	0351 Oslo
Norsk Villakssenter		Postboks 6	6887 Lærdal
Norske Lakseelver Sogn & Fjordane	v/Knut Eltun		6887 Lærdal
Nærøydalen Elveeigarlag	v/Nils Hylland		5747 Gudvangen
Olden Elveeigarlag	v/Kristen Brynestad		6788 Olden
Ommedal elveeigarlag	v/Harald Ommedal		6829 Hyen
Oppstryn grunneigarlag	v/Jon Nedre-Flo		6783 Stryn
Ortnevik Grunneigarlag	v/Tor Brekke	Ada Arnfinnsens vei 6C	7036 Trondheim
Os jakt- og fiskelag	v/ Paul Lekven	Søreneset	5200 Os
Osen gard	v/Hans Terje Anonsen		6940 Eikefjord
Osen/Vestre Hyen Grunneigarlag	v/Aslak Svardal	Svardal	6940 Eikefjord
Redal grunneigarlag	v/Arntor Underlid		6817 Naustdal
Rimstad og Totland utmarkslag	v/ Olav Gjesdal		6711 Bryggja
Rivedal grunneigarlag	v/Jan Audun Rivedal		6982 Holmedal
Rygg og Grov Grunneigarlag	v/Erik N. Rygg		6823 Sandane
Røneid Grunneigarlag	v/Anders Knut Molland		6868 Gaupne
Selje JFF	v/Svein Barmen		6750 Stadtlandet
Sjølaksefiskarar i Eidsfjorden	v/Kjell Magne Åshamar		6770 Nordfjordeid
Skjolden Grunneigarlag	v/Oddvar Bolstad		6876 Skjolden
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag		Liabøen	6817 Naustdal
Sogn og Fjordane Bondelag		pb. 153	6801 Førde
Sogn og Fjordane Fylkeskommune			6863 Leikanger
Sogn og Fjordane JFF	v/Reidun Solberg Seim		6823 Sandane
Sogn og Fjordane politidistrikt			6900 Florø
Sogn og Fjordane Skogeigarlag		pb. 185	6801 Førde
Sogndal Elveeigarlag	v/Jens E. Skjeldestad		6856 Sogndal
Sogndal JSFL	v/Gry Tokvam	Stølen 95	6856 Sogndal
Solheim elveeigarlag	v/Sigbjørn Solheim	Norddalsfjord	6900 Florø
Stryn elveeigarlag	v/Dag Olav Skrivervik	Eddavn. 12 A	0772 Oslo
Stryn og Hornindal JSFL	v/Øyvind Hopland	Bjørkevegen 27	6783 Stryn
Strynsvatnet Grunneigarlag	v/Reiel Tunold		6783 Stryn
Sudstranda grunneigarlag	v/Anders Skrede		6779 Holmøyane
Svelgen JFF	v/Alf Håøy	Sandeveien 21	6723 Svelgen
Systrond Grunneigarlag	v/Jack Holen		6863 Leikanger
Søreide grunneigarlag	v/Anders Søreide		5962 Bjordal
Sørgulen JFL	v/Arne Sørgulen	Sørgulen	6723 Svelgen
Vetlefjorden Grunneigarlag	v/Sigmund Feten		6899 Balestrand
Vevring og omland fjordfiskarlag	v/Jakob Thingnes		6817 Naustdal
Vigdis Våtevik			6848 Fjærland
Vik Elveeigarlag	v/Nils Vange		6893 Vik
Vik JSFL	v/Morten Jacobsen		6893 Vik i Sogn
Aa sameige	v/Kurt Djupvik		6829 Hyen
Årdal JFF	v/Jan Erik Luggenes	Bungalovvegen 1	6884 Øvre Årdal
Årøy gard	v/Arnt Hovland Munthe		6856 Sogndal